

Om norsk-amerikanarar og



GOD STEMNING: Frank Aarebrot kunne lekse om myter og fordommar, og framføringa fekk fram mange gode smil. Her er dagleg leiar Ida Dyrkorn Heierland ved Utvandrarsenteret klar med blomar for å takka pro

RADØY: Kvifor norsk-pakistanarar? spurde Frank Aarebrot då han fenga 80 om myter og fordommar, mest mellom Noreg og USA.



Av Hans E. Storheim
hans.egil@strilen.no

– Me brukar jo norsk-amerikanarar om dei som har flytta til USA. Då må det vel og verta «pakistanar-norske» om dei som har flytta til oss, og ikkje «norsk-pakistanarar», argumenterte ein opplagt hovudperson på Utvandrarsenteret sitt møte onsdag.

Temaet til Aarebrot var i hovudsak spunne rundt myter og historier om nordmenn si oppfatning av amerikanarar og omvendt.

– Det var meir enn gøy! kom det frå ein kar frå Sævrøy i Austrheim som deltok. Saman med kring 80 andre gjorde han at Radøystova måtte henta fram det som kunne oppdrivast av stolar for å få benka alle.

Med på kjøpet fekk forsamlinga amerikanske folksong-prega viser av Åse Britt Reme Jakobsen.

Oldest og biggest?

– Nokre fordommar og myter mellom nordmenn, eu-



VERTEN: Vert Arve Gjellsvik viser Frank Aarebrot den solide omen for brødbaking ved Radøystova.

ropearar og amerikanarar er rette. Nokre er feile. Nokre var rette ein gong, men ikkje no, innleia Frank Aarebrot, som er medlem i styret for stiftinga Utvandrarsenteret.

Han gjekk så laus på historier og påstandar både på det familiære nivået og i større samanhengar.

Amerikanarar har ein tendens til å gå ut frå at alt er «the oldest» i Europa. I Europa trur me ofte at alt er «the biggest» i USA.

– Men i USA oppdaga eg «verdas eldste trafikklys» og «verdas eldste bilferje»: Og det er jo heilt logisk i landet der bilen vart oppfunnen, sa Aarebrot.

Men når ein amerikanar får høyra at verdas største aksellerator ligg i Sveits, svarer han gjerne med at «Men me byggjer vel ein større i Nevada-ørkenen?»

Familiebrev

Dei heime i Noreg fekk ofte høyra kor «stort og flott» det var der utvandrarslektningar slo seg ned i USA.

– Då ein bror av ein utvandrar kom til USA på besøk, sa han seg storleg imponert over skyskraparane på ein stogg i Chicago.

– Ja, når det er slik her, korleis ser det då ut i Morris? undra broren frå gamlelandet.

Morris var småbyen der broren budde, og som dei heime hadde fått inntrykk av som ein imponerende svær by, gjennom breva dei fekk...

Friheitsgudinna

Aarebrot viste og til delar av eit dikt som står å lesa på Friheitsgudinna i New York. Det viser til at USA vil ta imot «stakkarane frå Europa» – «Give me your tired, your poor».

– Men det var nok mest sant for dei som reiste dit før USA vart til, då engelskmennene styrte, sa Aarebrot.

Han viste her til den kraftige folkeauken i Nord-Europa som resultat av potet-dyrkinga.